



familien Knudsen presenterar fangsten!

**Snart skriv vi juli men førebels let den verkelege sumaren vente på seg. Denne helga har ikkje vore så heilt ille, men det er stille i Uskedalen - både til lands og til vanns. Men ein av veteranane trøystar oss og trur bestemt at trafikken vil ta seg kraftig opp til neste helg då det vert meir fart i ferien. Steinar Myklebust er godt på tur med førebuingane - han sit på ein plenklyppar og friserar Rabben. 76-åringen har slett ikkje tenkt å leggja inn årene. men han innrømmer at feriesenteret førebels ikkje har fullt hus.**

Også til vanns er trafikken heller beskjeden, med eit fåtall båtar som har lege i hamna som gjester sist natt. Og det vert vist til nabohamnane som nok har meir vind i segla sjølv om det bles i hardaste laget i Rosendal.

Det einaste turistinnslaget vi er istand til å oppspora i ein fart er ein dansk familie på 5 som fiskar makrell frå hamnas ytste pir. Line, Henry, Martin, Lovise og Katrne bur berre 5 mils veg frå Hirtshals og Noreg har vore reisemålet deira mange gonger. Men dei har Uskedalen på lista fyrste gong og har leigd ei hytte oppunder Nåso for 4000 kroner for ei veke. Det tykkjer dei er ein rimeleg sum.

Utover i veka skal dei både på Englafjell og Skorpefjellet og dei håpar å få nok makrell til ein middag!

Tekst, foto og nett: Ola Matti Mathisen



Steinar Myklebust held koken som vaktmeister på Rabben